

Pressemelding 05.09.2022

Alver kommune avlyser vaksinedagar i veke 36 og 37

Folkehelseinstituttet opplyser at det snarleg kjem nye og oppdaterte koronavaksinar. Grunna dette blir den planlagde vaksineringa denne og neste veke avlyst.

Alver kommune hadde sett opp vaksinedagar med oppfriskingsdose for dei som er fødd i 1957 og tidlegare 6., 7. og 8. september og 13., 14. og 15. september. Alle som har bestilt time til desse dagane, har fått beskjed om at dei er avlyste.

– Vi avlyser fordi vi i dag fekk informasjon fra Folkehelseinstituttet om at det snarleg kjem nye og oppdaterte koronavaksinar som skal brukast til oppfriskingsdose, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.

Vaksinane er oppdaterte for å vere betre tilpassa variantane av koronaviruset som sirkulerer no, forklarer kommuneoverlegen.

– Dei oppdaterte vaksinane skal brukast til oppfriskingsdose, men ikkje til grunnvaksinering.

Vi kjem tilbake i løpet av denne veka med informasjon om nye vaksinedagar.

– Ønsker du likevel vaksine denne veka, kan du få vaksinen vi har tilgjengeleg per no på drop-in i Nordhordlandshallen torsdag 8. september mellom klokka 9 og 14, seier Folgerø.

Les meir om koronavaksine på fhi.no

Kontaktperson for pressemeldinga:

Terese Folgerø, kommuneoverlege i Alver kommune
E-post: terese.folgerø@alver.kommune.no